

Saksbehandlar: Ole Ingar Hagen Hæreid, Samferdsleavdelinga  
Sak nr.: 15/12218-2

## **Søknad om finansieringsbidrag til Stad skipstunnel 2016**

### **Fylkesdirektøren rår hovudutval for samferdsle til å gjere slikt vedtak:**

- 1 Hovudutval for samferdsle yter eit tilskot på 100 000 kr til Prosjektgruppa for Stad Skipstunnel for å vidareføre arbeidet i 2016.
- 2 Tilskotet vert å finansiere på teneste 4005 til disposisjon for utvala i 2016. Det vert teke atterhald om tilstrekkeleg løyving på teneste 4005 i budsjettet for 2016.

### Vedlegg:

Andre dokument som ikkje ligg ved:

---

## **SAKSFRAMSTILLING**

---

### **1. Bakgrunn for saka**

#### Grunnen for at saka er fremja

Prosjektgruppa for Stad skipstunnel søkjer fylkeskommunen om eit finansieringsbidrag på 100 000 kr for 2016 til arbeidet med å få Stad skipstunnel realisert, jf. vedlagt søknad.

#### Historikk - tidlegare vedtak

I april 2011 søkte prosjektgruppa om at fylkeskommunen tok på seg rolla som prosjekteigar for Prosjekt Stad skipstunnel i samarbeid med Møre og Romsdal fylkeskommune. Det vart også søkt om eit finansieringsbidrag på kr 250 000 kr i 2011. Prosjektgruppa bad også om signal på om fylkeskommunen ønskte i bidra i 2012 og 2013. I behandlinga av denne søknaden kunne ikkje fylkesrådmannen tilrå at fylkeskommunen skulle ta på seg rolla som prosjekteigar av prosjektet. For at prosjektet skulle ha ein viss økonomisk handlefridom til arbeidet sitt for å få Stad skipstunnel inn i Nasjonal transportplan og finansert over statsbudsjettet, fann fylkesrådmannen det rett å tilrå eit årleg tilskot på 250 000 kr i perioden 2011 – 13.

I møte den 7.6.11, sak 39/11 gjorde fylkestinget følgjande vedtak:

- 1. Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane tek i fellesskap ansvaret for å skipe ein brei allianse og samordne arbeidet med å få staten til å bygge Stad skipstunnel.*
- 2. Stad Skipstunnel er eit nasjonal prosjekt og styringsgruppa/referansegruppa må avspegle dette. Styringsgruppa/referansegruppa må få deltakarar frå heile landet.*
- 3. Sogn og Fjordane fylkeskommune yter eit tilskot på kr 250 000, til prosjektet i 2011 finansiert over FU til disposisjon. Fylkeskommunen har som intensjon også å gje tilskot i 2012 og 2013 etter søknad.*

Det er gitt tilskot på 250 000 kr pr. år til prosjektet også i 2012 og 2013.

I 2014 vart det etter søknad gitt eit tilskott til prosjektet på 100 000 kr, jf. HS-sak 6/14.

I 2015 vart det etter søknad gitt eit tilskott til prosjektet på 100 000 kr, jf. HS-sak 59/14.

### **3. Vurderingar og konsekvensar**

Under handsaminga av Nasjonal transportplan 2014 – 23 uttalte fylkestinget følgjande om Stad skipstunnel:

*«Fylkestinget meiner ei realisering av Stad skipstunnel vil vere både eit riktig, framtidsretta og samfunnsøkonomisk lønsamt prosjekt. Staten må følgje Kystverket si tilråding om å byggje etter det største alternativet som er dimensjonert etter hurtigruteskipet MS Midnattsol. Prosjektet har stor næringsøkonomisk betydning både for fiskeri, maritime og marine næringar. Stad skipstunnel må finansierast som eige prosjekt, med eiga løyving på statsbudsjettet med sikte på oppstart i perioden 2014 – 17. Det opnar for nye moglegheiter for næringsklynger, samarbeid og utvikling over kommunegrensar og fylkesgrensar. Det vil også ha positiv vinst for veg-vedlikehald og miljø og tryggleik til sjøs.»*

Etter Stortinget si behandling av Nasjonal transportplan 2014 – 23 er Stad skipstunnel inne med oppstart i slutten av siste seks-årsperioden 2018 – 23. Fylkestinget har i si fråsegn til NTP peika på kor viktig ei realisering av Stad skipstunnel vil vere næringsøkonomisk for både fiskeri, maritime og marine næringar. Fylkestinget viser også til den vinsten realiseringa av skipstunnelen vil ha for miljøet og tryggleiken til sjøs.

I regjeringa sitt framlegg til statsbudsjett for 2015 er det sett av 20 mill. kr for å auke planleggingskapasiteten til transportplanlegging i Kystverket. Utarbeiding av ein reguleringsplan for Stad skipstunnel er nemnd i samanheng med desse midlane.

Fylkesdirektøren meiner det er viktig å halde fram arbeidet i Prosjektgruppa for Stad skipstunnel i 2016.

#### Økonomi- og budsjettkonsekvensar

I budsjettframlegget for 2016 har Hovudutval for samferdsle 175 000 kr til disposisjon under programområde 400, teneste 4005 til disp. for utvala i 2016.

Med atterhald om Fylkestinget si godkjenning av budsjettet for 2016, vil fylkesdirektøren tilrå å finansiere eit tilskot på 100 000 kr til Prosjektgruppa for Stad skipstunnel for arbeidet i 2016.

### **3. Konklusjon**

Realisering av Stad skipstunnel er viktig for Sogn og Fjordane. Det er viktig å halde fram arbeidet i prosjektgruppa for Stad skipstunnel i 2015. Fylkesdirektøren tilrår difor at hovudutval for samferdsle yter eit tilskot på 100 000 kr til Prosjektgruppa for Stad Skipstunnel for å vidareføre arbeidet i 2016.

Fylkesdirektøren tilrår vidare at hovudutval for samferdsle finansierer tilskotet på teneste 4005 til disposisjon for utvala med 100 000 kr i 2016. Løyvinga i 2016 er med atterhald om fylkestinget sitt vedtak om budsjett for 2016.